



Kartverket Tinglysing  
Pb. 600 Sentrum  
3507 HØNEFOSS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8054 - 23/28078

Saksbehandlar:  
Kjell Rune Standal  
kjell.rune.standal@alver.kommune.no

Dato:  
13.04.2023

## Melding til Tinglysing om 2 arealoverføringer og 1 fradeling fra gbnr 305/7

Vedlagt følgjer:

- 1) Melding til Tinglysing om 2 arealoverføringer og 1 fradeling fra gbnr 305/7
- 2) Erklæring om arealoverføring
- 3) Erklæring om frafall av retter
- 4) Innvilga konsesjon for overtaking av del av eigedom – gbnr 305/7 på Fløksand

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjell Rune Standal  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

- Frafall av retter
- Innvilga konsesjon
- Melding til tinglysing om arealoverføring, teig B
- Melding til tinglysing om arealoverføring, teig C
- Melding til tinglysing om fradeling
- Signert skjema for erklæring om arealoverføring

**Mottakarar:**  
Kartverket Tinglysing

Pb. 600 Sentrum

3507 HØNEFOSS

Arne Gunleiv Haugsvær  
Rosslandsvegen 1161  
5918 Frekhaug

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/704 - 23/13478

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
17.02.2023

## **Innvilga konsesjon for overtaking av del av eigedom - GBNR 305/7 Fløksand**

Administrativt vedtak: Saknr: 363/23

### **VEDTAK:**

Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova § 1 og 9 Arne Gunleiv Haugsvær  
konsesjon for overtaking av del av gbnr 305/7 som er godkjent delt/ arealoverført til gbnr  
305/3 i deling/dispensasjonssak: delegert vedtak Saknr: 1228/22

Grunngjevinga går fram av saksutgreilinga

Dersom ikkje alt arealet kan overførast som arealoverføring, må det gjerast nytt  
konsesjonsvedtak dersom den eige teigen får oppretta eit nytt gards- og bruksnummer.

Kopi av vedtaket vert oversendt avdeling for kart- og oppmåling for registrering i matrikkelen.

### **Saka gjeld**

Arne Haugsvær søker konsesjon for overtaking av den delen som er godkjent arealoverført  
frå gbnr. 305/7. Den avtala kjøpesummen er på kr. 230 000.


Saka gjeld frivillig bruksrasjonalisering der 203 daa jord- og skogareal vert frådelt og lagt til  
eigedomen gbnr 305/3.

Deling etter jordlova er godkjent i delegert vedtak 666/22 og etter plan- og bygningslova i  
delegert vedtak: Saknr: 1228/22


«Eigar av gnr. 305 bnr. 7 Terje Fløysand har inngått avtale med eigar av gnr. 305 bnr. 3 Arne  
Gunnleiv Haugsvær der Eigar av gnr. 305 bnr. 3 kjøper opp og overtar landbruksareala og  
skogsteigar på gnr. 305 bnr. 7 .

Teig A. Innmarksteig på om lag 20 daa.

Teig B. Om lag 112 daa skog/utmark  
Teig c: Om lag 75 daa skog i Oneset



Bilde 1 - Teig A og B



Figur 2 Skogsteig i Onest

GBNR 305/3 er i gardskart er registrert med 86,4 daa fulldyrka, 12,5 daa overflatedyrka, 35,6 daa innmarksbeite, 554,3 daa produktiv skog, 294,4 daa anna markslag og 26,8 daa bebygd samferdsel. Sum 1023,5. Dette er eit heiltidsbruk som driv med mjølk- og kjøttproduksjon. Bruket har våningshus, fleire driftsbygningar og tilgang til sjø.

Saka vert handsama og avgjort etter delegert mynde frå Kommunedirektøren. Konsesjon skal gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå.

#### VURDERING:

Søknaden er vurdert i høve til konsesjonslova og rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

Konsesjonslova § 1 har som føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom, og omsynet til busetjinga.

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggast særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søker:

1. om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling

Det går fram av rundskriv M1/2021 frå Landbruks- og matdepartementet at det skal gjerast priskontroll på ubebygde landbruksareal. Denne eigedomen fell inn under dette.

Kommunen har vurdert prisen i tråd med rundskriv M-3/2002. Jord og skogareal vert verdsett etter produksjonseigenskapar dvs. bruksverdi/avkastingsverdi

Prisen ligg innanfor retningslinene, og det er lagt vekt på at dei driftsmessige fordelane ein oppnår er store.

## **2. om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i området**

Eigedomen er konsesjonspliktig fordi den er over 2 daa og ubygd. Arealet skal arealoverførast til gnr 307/3 Søkjær bur på dette bruket. Å styrke ressursgrunnlaget på landbrukseigedomar i aktiv drift, vil også vere ein måte å tilgodesjå omsynet til busetjinga i området, ved at driftstilhøva blir betra. Det kan bidra til at det vert meir interessant for den eller dei som bur på eigedomen å bli verande der. Søknaden vil soleis bidra til busetjinga i området.

## **3. om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing**

Det er tale om tre teigar, nokre har felles grense medan andre ligg i nærleiken av søkjær sine areal.

Omsynet til om dette er ei driftsmessig god løysing er vurdert i jordlovssaka.

I følge rundskriv M-2/2021 Driveplikt, omdisponering og deling kan bestemmelsen om deling nyttast for å få betre samsvar mellom eigedoms- og bruksstruktur, og det vert lagt vekt på at arealet vert overført til aktiv næringsutøvar.

Teigane som er søkt arealoverført ligg nært bruket dei skal leggjast til og eignar seg godt til å drivast saman. Eigar av gnr 305/3 er heilt tids mjølkebonde og har planar om påbygg på driftsbygning for mjølkeproduksjon. Det vil vera ein stor fordel at han får meir eigande areal i nærleiken av driftssenter. Spesielt for skogareal vil det å overta skogsteigen i Oneset gje moglegheit for eit meir samanhengande skogsareal som kan gje grunnlag for meir kostnadseffektiv drift. Gnr 305/3 har allereie bustadhus og naudsynte driftsbygningar så det er ikkje trong for fleire bygningar.

Overdragninga vil bidra til å oppfylla landbrukspolitiske mål om å byggja opp større einingar. Kommunedirektøren vurderer at overtakinga vil gje ei driftsmessig god løysing.

## **4. om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen.**

Søkjær har utdanning frå landbrukskule og har vore sjølvstendig næringsdrivande mjølkebonde i 10 år. Kommunedirektøren vurderer han som skikka til å drive eigedomen.

Frå 01. juli 2009 er det innført generell og varig driveplikt for jordbruksareal. Driveplikt er ei personleg og varig plikt som ikkje er knytt opp mot erverv av eigedom. Nye eigarar må innan eitt år ta stilling til om dei vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet.

## **5. Omsynet til heilskapleg ressursforvalting og kulturlandskapet**

Ressursane skal disponerast på ein slik måte at produksjonsevne og utnyttlingsevne vert teke vare på. Søkjær gjev inntrykk av å ha både interesse og kunnskap til å ivareta både produksjonsevna og kulturlandskapet på bruket. Kommunedirektøren vurderer at overtaking vil ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

### **Konklusjon**

Etter ei samla vurdering vert konsesjon innvilga som omsøkt.

### **Regelverk**

- Konsesjonslova
- Rundskriv M-1/2021 Konsesjon, priskontroll og boplikt

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta  
Avdelingsleiar

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arne Gunleiv Haugsvær  
Terje Fløysand

Rosslandsvegen 1161      5918      Frekhaug  
Fløksand 76      5918      Frekhaug